

Deltakarar: Jorunn Sundal og Christoffer Knagenhjelm

Fredag 26.4

Christoffer var til stades på kurs om sosiale media arrangert av NU fredag kveld. Kurset tok for seg ulike formar for sosiale media (Facebook, Instagram og Snapchat) og digitale verktøy laga kunne nytte for å halde oversikt over interne kurs, arrangement osv.

Kurset var nyttig påminning om brukargrupper (vaksne, ungdom, born) og kva media ulike grupper nytta. Bolken om digitale verktøy var og nyttig. Visstnok er det m.a. på trappande ein app som skal være spesielt retta mot dei som har behov for å føre dugnadstimar.

Laurdag 27.4

Det var noko færre deltakarar i år. I tillegg var det nokre som ikkje kom pga. SAS-streiken. Landsmøtet var i det store og heile gemyttleg og prega av optimisme.

NU gjekk med i underkant av 200 000,- i overskot, mot budsjettert underskot på om lag 46 000,-

Størst debatt var det kring forslag om å sette ned ein nemnd for å sjå på kontingentordninga. Einskilde var uroa over at lokallaga ikkje ville ha moglegheit til å komme med innspel før nemnda sin innstilling ville bli fremma på landsmøtet i 2020. Christoffer fremma forslag om at saka skulle sendast på høyring til lokallaga og fylkeslaga før neste årsmøte. Forslaget vart vedteke av landsmøtet.

Det var òg noko debatt kring lovendring (av § 4,2 c) om at alle saker skal setjast på saklista. Saka vart fremja av Bygdelagssamskipnaden (BLS). Styret var einig om at det var behov for endring av paragrafen, men hadde eit anna alternativ enn det som var fremja av BLS. Landsmøtet vedtok innstillinga til styret:

§4,2 c: «Styret i Noregs Ungdomslag avgjer kva saker som skal med på den endelege saklista. Alle saker som er melde i rett tid skal refererast frå talerstolen, med grunngjeving for styret si handsaming av saka. Saker som ikkje er sett på saklista kan etter særskilt vedtak på landsmøtet likevel takast opp.»

Både Jorunn og Christoffer stemte for innstillinga frå styret i NU.

Kurs

Det var mogleg å melde seg på ulike fagkurs etter landsmøtet var ferdig for dagen. Jorunn og eg var til stades på kurset arrangert av Studieforbundet kultur og tradisjon. Kurset var spesielt nyttig for meg, som ikkje har arrangert kurs i regi av studieforbundet. For Jorunn, som har søkt og fått midlar før, var kurset mest ein påminning og oppdatering.

Referat. Landsmøte Noregs Ungdomslag 26.4 – 28.4.2019

Sundag 28.4.

Val av nytt styre

Største endringa er at Torbjørn Bergwitz Lauen vart vald som ny styreleiar etter Mette Vårdal. Hun stiller som ordførarkandidat i Vågå for SP og tok difor ikkje attval.

Jorunn og eg registrerte og at det var mange unge delegatar. Det same er det i styret til NU. Noko som òg er kjekt å sjå.

Inspirasjonsforedrag

Det vart halde tre inspirasjonsforedrag, av Mjeldalen UL, Hjartalen UL og Egil Bakka

Mjeldalen UL imponerte med høgt aktivitetsnivå og stort engasjement (sjå bilete). Hjartdalen var kjekt å høyre på. Dette var eit nystarta lag (etter at det gamle vart nedlagt i 1995). Dei fokuserte spesielt på born og unge, men hadde og mykje aktivitetar retta mot eldre.

Egil Bakka er professor i musikkvitenskap, og har særleg arbeidd med folkemusikk. Han hadde eit informativt og interessant foredrag om immateriell kulturarv. (sjå https://no.wikipedia.org/wiki/Immateriell_kultur for meir om dette).

Fråsegn

Vi fekk òg inn fråsegn om frivillig kulturarbeid må få auka merksemd i ny stortingsmelding om kulturminnepolitikken. Meldinga skal vere ferdig våren 2020 (sjå vedlegg for fråsegn).

Referent

25.4.2019

Christoffer Knagenhjelm

Rådgjevar for kulturbygg og ungdomslag i Sogn og Fjordane

